

Globalisering og norsk ungdom

Ein typisk tenåring i Noreg byrjar dagen med å høyre på amerikansk musikk han har lasta ned på mobilen. Til frukost et han berre nokre sørafrikanske druer på veg til skolen. Etter skolen kjøper han nokre billige kinesiske squashballar. Dei skal han bruke på trening. På vegen dit diskuterer han og vennene hans om dei skal dra på ferie til Mexico eller Thailand. Men kanskje har dei ikkje råd til nokon av delane i år. Den globale finanskrisa har jo gjort det dyrare å reise. Vel heime slappar han av med videoar frå heile verda på YouTube og engelsk fotball på tv. Før han sovnar, lastar han ned nokre nye låtar og tenkjer litt på regnskogen i Amazonas.

Kvardagen til unge i dag er svært forskjellig frå tidlegare. Ungdom i tidlegare tider hadde ikkje den kontakten med verda utanfor Noreg som vi har i dag. Men det er også mykje som ikkje har endra seg. Norsk språk er like populært, og folk flest ser på NRK og TV2, sjølv om dei har mange kanalar å velje i. Og sjølv om vi har høve til å kommunisere med folk frå heile verda og reise dit vi vil, har nordmenn flest framleis norske venner og reiser til stader som er spesielt tilpassa nordmenn. Det ser altså ikkje ut til at vi blir mindre norske av globaliseringa. Faktisk kan vi bli meir norske av det. Når vi får meir kontakt med verda rundt oss, blir vi opptekne av å verne om norsk identitet og kultur. Aldri før har bunader vore så populære som no.

Oppgåver

Sjå Elevbok 7B side 87.

Gjer oppgåvene 1–6.



Forenkla med løyve frå Thomas Hylland Eriksen